


Nordfjella

Sak 23.3-N/16 Uttale til Holsrevisjonen. Tilleggsmerknad.


Gjennomgang av brotne og svekka trekkruiter med utpeiking av ruter som potensielt kan restaurerast

Sekretariatet for Nordfjella villreinutval og Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen.


Kart utarbeidd av Siri Bøthun Naturforvaltning




Nordfjella



Oversikt over dokumenterte, neddemte trekk, kjelde: NINA rapport 634, Villreinen i Nordfjella, status og leveområde (Strand et.al 2011). Stinettet til DNT er lagt på kartet, det syner at fleire av de «urørte» trekka vert avskore av stiar eller dei deler same passasje i krevjande terreng. For Uste-Nes har oppdemming av Ørteren (utanfor kartet), aust for Hardangerjøkulen, påverka dyr sine moglege tilkomstruter til grenseområda for utveksling med Nordfjella.




Den største utfordringa i villreinområdet der me ser at det kan være mogleg å få til tiltak: Det er dokumentert m.a. i Knudsen 1989 og gjennom nyare data frå GPS merkte dyr, at Nyhelleren har skapt ei lesone som minskar dyra sin moglegheit for utveksling mot delområdet i sør-vest (sone 2) og autover mot Hol og Ål. Nyhelleren og Kvevatnet har samvirkande effekt for rørsle aust-vest.



Det er ikkje gjort fagutgreiingar som fokuserer på magasinane i aust. I perioden med GPS-merking har dyra hatt låg bruk av austlege område. Dokumenterte trekkruiter er frå erfaringar i periodar då dyra har nytta desse beitemåstene i større omfang. Me ser dei seinare år ein aukande bruk av aust-områda, særleg om hausten og tidleg vinter. Skissert felt som etter stort sannsyn får ei lesone-effekt frå magasinane i aust, på line med den som er skapt av Nyhelleren.

Aurlandsvassdraget




Nyhelleren spelar ei nøkkelrolle for rørslemønsteret i Nordfjella. I Vampen (den største halvøya i vestlege halvdel) er det tidlegare føreslege å lage ein overgang for rein, Aurland Fjellstyre fekk og kalkulert kostnadane ved ei landbru her i 1984. Under nedtapping på 90-talet vart grunnene over Øljuvatnet synlege, - dei viste at det er grunt mellom øyene her, noko som peikar på moglegheita for å skape overgang også her. Med ope trekk frå nordaust-sida til vestsida ville ein løyst svært mykje. Trekket som går aust-vest sør om Nyhelleren vert delt med DNT rute til/frå Konshellerhytta, som ligg ved inngangen til Vampen. Trekket nord om Viddalsdammen er svært viktig, det er i hovudsak eit trekk mot kalvingsland og lyt skyddast. Dette saman med fungerande trekk sør for Viddalsdammen reduserer skadene frå oppdemminga av vatnet. Trekket i sør er sårbart dersom ein får auka ferdsel på DNT-stien.

Tidligere trekk over Kvevotni og Nyhelleren

artblad 2.

artet viser reinstrekk i det omstridte området.
lik det var før reguleringene.


Yttergrense for utbredelsesområdet.
Trekkeveg.



Neddemte trekk over Kvevotni og Nyhelleren ,


Villreintrekk i det omstridte området
etter reguleringene.

 Yttergrense for utbredelsesområdet.
 Trekkveg.




Per Aksel Knudsen 1989

Lærdalsvassdraget




I Lærdalsvassdraget er det Kvevatnet som er nøkkelfaktoren. Neddemminga her er samverkande med Nyhelleren, særleg i høve til rørslemønsteret aust-vest. Det blokkerte trekket aust-vest går over Harbakkspanget. Her er det grunt, og fysisk mogleg med ei fylling. Ein ser tydeleg på GPS-datasettet korleis dyr tek seg ut på nesa frå begge kantar, og snur, der dei prøver fleire gonger før dei gir seg. Her finst ikkje forstyrringar langs aust- eller vestbreidda av vatnet. Trekket som går like under demningen er sårbart for forstyrring, då det er ein del aktivitet i dette området. Trekket lengre nord, over Gravdalen, samlar dyr frå andre utgongsposisjonar, og erstattar ikkje Harbakkspanget. Dette trekket er særleg viktig å skydde då det er eit kalvingstrekk, der områda både aust og vest for Gravdalen er kalvingsland.

Hemsilvassdraget




I Hemsilvassdraget er evt. landbru over eit tidlegare trekk diskutert av Flydal og Coleman i KU for tema villrein i revisjonssaken. Det er peika på nokre ulemper, m.-a. kostnader, men tiltaket er mogleg. Aust for dammen ligger ei trekkrute som kan opne moglegheita for trekk nord-sør. Særleg ser ein dyr nordfrå som vert stogga på veg sørover. Dei er med det blokkert frå svært store areal. Det er viktige areal både på nordsida og sørsida av Reineskarvet som kan kome meir i bruk ved å sleppe dyr forbi Flævatnet. Skal ein opne trekket aust for dammen trengs opprydding i gjerder og forstyrringar frå veg.



I Holsvassdraget ligg to store magasin som reduserer tilkomsten til fjellområde i Hol og utveksling av dyr heilt frå Hallingskarvet (sone 2) over til Flyane mellom magasin, vidare til sørsida av Reineskarvet og bremmene austover i Ål og Hemsedal. Strandavatnet har lange strekk og Fv 50 utgjer ei tilleggbarriere langs heile nord-austsida av vatnet. I Stolsvatnet er det mange øyer med grunne parti mellom, dette er område der dyra tidlegare hadde sine trekk. Her finst fysisk moglegheiter for å gjenopne trekk. Jo lengre sør-aust ein kjem jo større vert forstyrringa frå ferdsel, det går stølsvegar med betalingsbom langs både nord- og sørsida. Seinhaustes og tidlegvinter er menneskeleg aktivitet likevel låg. Trekket mellom Rødungen og Stolsvatnet bør skyddast, det er allereie ein god del ferdsel her. Nyare GPS-plott, der aukande bruk austover kjem fram, syner at dyr har søkt mot nes på nord-vestsida av Stolsvatnet, der dei to nordlegaste trekkrutene har gått.

Rekreasjonsområder i øst forsterker barrierene



Forstyrning frå fotturistar gjer at Flyene, områda nærast Reineskarvet (oppå Reineskarvet er det impediment) og Blåbergi står som viktige. Fjellvegen Ål-Hemsedal er og ei trekkbarriere der ein ser at dyra ventar med kryssing til det kjem snø.

Ustevassdraget



I Uste-Nes-vassdraget på strekninga Finse-Ustadaset er det jernbane, ferdsel på Rallarvegen og hyttefelt i dei austlege delane, som er dei største trekkbarrierane. Kryssingar mellom Nordfjella og Hardangervidda skjer likevel langs denne strekninga (lyse trekk – symbolisert gamle trekk med redusert bruk). Sona mellom Ørteren og Hardangerjøkulen har eit dramatisk terreng med mykje stup og skarpe dalar og botnar. Områda kring Ørteren spelar difor ei rolle for utveksling nord-sør frå Hardangerjøkulen til ytterkant av villreinområdet, og med det for utvekslinga av dyr mellom Hardangervidda og Nordfjella. Området har lenge hatt låg bruk då det mest ikkje har vore dyr i nordleg del av Hardangervidda. Dyr som har trekt over frå Nordfjella har byrja å nytte område også aust for Hardangerjøkulen dei seinare år.